

Jan Terje Faarlund

MUSEUMSVAKTARANE OG NYNORSKEN¹

Vi har to offisielle språk i Noreg, nynorsk og bokmål (i tillegg har samisk offisiell status i visse kommunar). Som vi veit, er desse to offisielle målformene formelt jamstelte, men i praksis har dei svært ulik status. Nynorsk er hovudmål i grunnskolen for 17% av skolebarna. Blant vaksne språkbrukarar ligg nynorskprosenten på om lag 12, avhengig av kva vi måler etter. Det finst altså godt over ein halv million nynorskingar her i verda.

Somme av desse nynorskingane bruker bokmål som skriftmål i dei fleste samanhengar. I denne artikkelen skal eg freista å forklara dette merkelege fenomenet. Fyrst lyt eg bortforklara det tilsynelatande logiske brottet som ligg i påstanden om at ein nynorsking skriv bokmål. Kva gjer ein slik person til nynorsking? Etterpå skal eg røkja etter kva årsakene kan vera til at ein slik nynorsking skriv bokmål. Konklusjonen blir at nynorskingar og andre sosialistar bør skriva nynorsk.

Kva er ein nynorsking?

Vi har to slags nynorskingar: Dei som bur i dei frigjorde områda, det vil seia Nynorskland, og dei som lever i diaspora. Nynorskland fell meir eller mindre saman med landkommunane i dei fire fylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, pluss tilgrensande delar av Austlandet og Trøndelag. I Nynorskland har dei nynorsk som opplæringsmål i grunnskolen. Folk frå Nynorskland har altså lært å skriva nynorsk før dei har lært å skriva noko anna språk. Dersom dei blir buande i Nynorskland, har dei også vant seg til å bruka nynorsk som skriftspråk i dei fleste samanhengar. Dei fyller ut ei *sjølvmelding* kvart år i staden for ein *selvangivelse*, dei les nynorske oppslag på butikken, og i nokre få unntakstilfelle ser dei også nynorske reklameplakatar.

Utanfor Nynorskland finst det mange nynorskingar som lever i diaspora. Dei er anten økonomiske flyktningar frå Nynorskland, eller dei er fødte under bokmålsveldet og har nynorsken mest i hjarta av emosjonelle grunnar, eller i hovudet av politiske grunnar. Ein slik politisk grunn kan vera sosialismen, ein annan kan vera eit meir vagt og ideologisk udefinerbart ønske om å slåst mot all undertrykking, utnytting og elles alt som er vondt og rangt her i verda.

Som alle andre folk lærer også nynorskingane andre språk etter kvart. Forutan at mange av dei lærer engelsk og somme til og med swahili, lærer alle bokmål. Somme nynorskingar kan altså velja om dei vil uttrykkja seg på

sitt eige mål, nynorsk, eller på eit framandt mål, som swahili, engelsk eller bokmål. Av desse vel dei fleste nynorskingar oftast bokmål. Ein nynorsking som skriv bokmål, er i prinsippet ikkje meir av ei sjølvmotseiing enn ein nynorsking som skriv swahili, eller ein portugisar som skriv fransk, eller ein usbekar som skriv russisk - med mindre han også er sosialist. Dette poenget skal eg komma tilbake til.

Språk og kommunikasjon

Det kan vera ulike grunnar til at ein person uttrykkjer seg skriftleg eller munnleg på eit anna språk enn det som er hans eller hennar eige. Den vanlegaste grunnen er nok at ein vil bli forstådd utanfor sitt eige språksamfunn. Derfor bruker både bokmålingar og nynorskingar av og til engelsk. Ein annan grunn er at ein vil uttrykkja seg slik at mottakaren stiller seg mest mogleg velviljug til det ein har å seia. Derfor skriv nynorskingar ofte bokmål. Da er det altså ikkje lenger berre forståinga det kjem an på, men mottakarens vilje til å lesa vidare og få med seg resten.

Dette kan vera legitime og gode nok grunnar, sett i eit kommunikasjons-perspektiv. Men språk er ikkje berre kommunikasjon, og kommunikasjon er ikkje berre språk. For å ta det siste fyrst, vi kommuniserer også på andre måtar enn med språk, vi har ikkjespråklege ytringar og handlingar av ulike slag, alt frå eit utrop i smerte til eit velorganisert demonstrasjonstog. Alt dette uttrykkjer eit innhald utan at det er språk.

Omvendt bruker vi språk til andre føremål enn til kommunikasjon. Vi bruker språket til å laga oss tankar og førestellingar med. Ved hjelp av språket kan vi konstruera tenkte situasjonar. For at vi skal kunna forandra verda, lyt vi kunna laga oss førestellingar om ei anna verd som vi enno ikkje har røynt. Det er språket som set oss i stand til å laga oss slike førestellingar. Utan språk, ingen revolusjon. Det er altså ikkje heilt uvesentleg kva språk vi talar om revolusjonen på!

Språk og samfunn

Dei som talar same språk, utgjer eit *språksamfunn*. Språket finst derfor òg utanfor vår eiga individuelle tankeverd. Språket er eit felleseige mellom medlemmene av eit slikt samfunn. Samstundes har kvar individuell medlem av dette samfunnet ein umedviten kunnskap lagra i hjernen om korleis grammatikken og ordtilfanget i språket er, og om korleis språket kan brukast i samvær med andre medlemmer av språksamfunnet. Og innanfor språksamfunnet har språket som funksjon å markera tilhøyr til gruppa og avstand til andre grupper. Språket er altså ein *identitetsmarkør*. Det har dermed både ein inkluderande og ein ekskluderande funksjon. Dette er funksjonar som ikkje berre er knytte til språk i eigentleg meining, men òg til dialektar og sosiolektar, og sjølvsagt til målformene nynorsk og bokmål, kanskje særleg

til nynorsk. Ved hjelp av dialekten markerer ein kor ein kjem frå, at ein har noko felles med andre folk frå same bygd eller by, og at ein er ulik folk frå andre bygder og byar. Ved å bruka ein særskilt sosiolekt markerer ein at ein høyrer til ein klasse eller ei gruppe, og markerer samstundes avstand til andre klasser og grupper. Når t.d. folk frå borgarskapen i Oslo legg vinn på å seia *Oslo* med «spiss» *s* og ikkje med *sj*-lyd, som er det vanlege i Oslo-dialekten og i austlandsmål elles, er det for å markera avstand til andre sosiale klasser i same byen. Ved å bruka nynorsk kan ein markera anten eit visst geografisk opphav, eller tilslutning til ein viss ideologi eller visse verdiar.

Samfunnet av dei menneska som har eit felles språk, har òg ei felles interesse i dette språket. I mange typar samfunn, som i våre moderne vestlege samfunn, har dette ført til at det har vorte etablert skriftspråk og publisert ordbøker og grammatikkbøker. Ein har oppretta skolar med morsmålsundervisning og undervisning i eit standardspråk. Det har vorte stifta språknormeringsorgan, som t.d. Det franske akademiet og Norsk språkråd. Det har danna seg konvensjonelle oppfatningar av kva som er «godt» og «dårleg», «rett» og «gale», «pent» og «stygt» osv. Språket har på den måten vorte ein samfunnsinstitusjon. Dette er språket som *institusjon*.

Den totale språklege kompetansen som eit vakse menneske har, består av eit grunnlag i form av ein naturleg tillærd dialekt, pluss tillærde komponentar frå det institusjonaliserte språket. Alt dette kan komma til å kjennast som ein del av den språklege identiteten for enkeltmenneske og for samfunn og kulturar.

Val av språk kan derfor aldri bli berre eit spørsmål om effektiv kommunikasjon. Språket eller målforma dreg så mykje anna med seg, anten ein vil eller ikkje. Når ein nynorsking vel bokmål i staden for nynorsk, vel han eller ho samtidig å identifisera seg med andre grupper, å appellera til andre einskildpersonar, og samarbeida med andre institusjonar.

Nynorsk som språk

Det er mogleg å greia seg etter måten bra her i samfunnet utan å kunna skriva nynorsk. Det er derimot uråd å klara seg utan å kunna skriva bokmål. I mange situasjonar og yrkessamanhengar er det eit krav at ein skal skriva bokmål, t.d. dersom ein vil vera journalist i Dagbladet (og ikkje heiter Hompland), dersom ein vil arbeida i eit reklamebyrå eller i eit anna privat firma. I svært fåe yrke er det eit krav at ein skal kunna skriva nynorsk, og i desse fåe er det likevel mogleg å fungera utan å kunna skriva korrekt nynorsk. Der det er krav om nynorsk ved sida av bokmål, som i statsinstitusjonar, bryt dei gjerne lova og bruker bokmål der ein skulle bruka nynorsk; det gjer til og med i Det kongelege norske justisdepartementet. Når dei likevel prøver å følgja lova, blir det ofte i praksis svært dårleg nynorsk.

Dette kjem av at bokmålet har det politiske, økonomiske og sosiale hegemoniet i Noreg. Ja, i mange samanhengar er nynorsken så til dei gradar nedvurdert at han ikkje ein gong blir rekna som eit norsk språk, jamfør uttrykket «norsk og nynorsk», som ein støyter på ikkje berre blant skoleelevar, men til og med i offentleg språkbruk, som da Utanriksdepartementet, som har ansvar for å skaffa norsklektorar til utanlandske universitetet, for nokre år sidan lyste etter ein lektor til eit tysk universitetet, som kunne undervisa i «norsk og nynorsk». Slik kunne ein halda fram med døme på korleis nynorsk språk blir diskriminert, nedvurdert, ignorert i eit land der det er offisielt språk.

Det blir av og til hevda at nynorsk er eit elitespråk. Det er heilt rett; alle skriftspråk og institusjonaliserte språk er elitespråk. Dersom eit språk har ei skriftnorm, lyt det lærast. Derfor er språket tilgjengeleg berre for den delen av folket som har tilgang til formell utdanning. Såleis er både nynorsk og bokmål elitespråk i Noreg, slik andre standardspråk er det i andre land.

Så blir det hevda at nynorsk også er elitespråk i høve til bokmål. Grunnen skal vera at det krevst meir skolegang for å læra nynorsk. Nynorsk er vanskelegare å læra, derfor er det eit språk for dei fåe. Overflatisk sett ser dette òg ut til å vera rett. Det blir rapportert at i dei delane av landet der nynorsk er sidemål, og der dialekten ligg nær bokmål, som t.d. på Sørøstlandet, fungerer nynorsk som ein utsilingsmekanisme i skolen, om lag som matematikk og andre teoretisk krevjande fag.

Årsaka til at nynorsk er vanskeleg å læra, ligg ikkje i språket sjølv. Bokmål er ikkje i og for seg enklare enn nynorsk. Det kan kanskje verka vanskeleg å veta kva for ord på nynorsk som skal enda på *-ar*, og kva for nokre på *-er*, at det skal heite *byar*, men *bygder*, *lagar* men *høyrrer* osv. For dei fleste nordmenn svarar likevel denne skilnaden til eit tilsvarende skilje i talemålet, sjølv om det kan te seg litt annleis i detaljar. I austnorsk heiter det rett nok *byer* og *bygder*, men i bunden form fleirtal kjem skiljet fram: *alle bya*, *alle bygden*. På den andre sida er nynorsk meir regelbunde enn bokmål. Alle inkjekjønnsord har inga ending i fleirtal på nynorsk, *ti år*, *fleire eple*, *mange brev*, *ulike mønster*, *to kne* osv., medan bokmål vekslar mellom inga ending, *-er*, *-r*, eller *-e*: *år*, *eples*, *brev(er)*, *mønstre*, *knær* osv. I partisipp av ei stor klasse sterke verb har nynorsk same vokal i rota: *vore*, *bore*, *skote*, *krope*, *dotte*, medan bokmål blandar saman ulike former: *vært*, *båret*, *skutt*, *krøpet*, *dettet*. Alt i alt er det framleis grunnlag for påstanden om at nynorsk er det skriftlege uttrykket for dei norske dialektane.

Det som gjer at bokmål likevel verkar enklare, er at det er meir vanleg i bruk som skriftspråk. Folk lærer å skriva ved å lesa, og dei lærer å skriva det språket dei les. Det aller meste lesestoffet her i landet er på bokmål, særleg slikt som alle folk les mykje av: reklame, teikneseriar, tabloidaviser og vekeblad. I tillegg er det ei bestemt form for bokmål som dominerer. Vekeblada og dei større avisene bruker stort sett konservativt bokmål eller

riksmål. Det er dette som er næringslivet og borgarskapen sitt språk, og som sosioøkonomisk har status som elitespråk. Prosenten av nynorskbrukarar er høgast i dei lågaste inntektsgruppene, høgast blant folk med lågast utdanning, høgare blant folk i primærnæringane enn blant professorar osv.

Når nynorsk likevel blir oppfatta som eit elitespråk, er det fordi det er lite brukt. Vi har her altså den paradoksale situasjonen at eit språk er eit elitespråk fordi det er undertrykt!

Sosialismen og nynorsken

Samfunnsutviklinga i dag går i ei lei som ikkje er god for nynorsken. Globaliseringa fører til større kulturell og språkleg einsretting. I ein slik situasjon er det ikkje berre nynorsken som er truga av angloamerikansk språk og kultur, men alt norsk. Den økonomiske liberalismen svekkjer dei ordningane i samfunnet som er til for å støtta minoritetskulturar og andre «ulønsame» tiltak. Liberalismen styrkjer individualismen og svekkjer kjensla av gruppe- og klassetilhøyr. Val av språk blir dermed eit spørsmål om korleis det kan tena den einskilde, korleis *eg* kan kommunisera med flest mogleg til min eigen fordel. Det er ikkje så farleg kven *eg* solidariserer meg med eller identifiserer meg med så lenge *eg* når fram til den rette mottakaren og kan vinna hennes eller hans gunst.

Det nynorske språket står i vegen for mangt nytt. Det har alltid representert ein motkultur, og dag representerer det òg ein motpolitikk. Korkje nynorskfolk eller sosialistar er utan vidare viljuge til å godta at pengemakt eller gallup-fleirtal gjev motstandaren rett.

Det nynorske språket er enno ikkje på museum. Når det kjem dit, har det døytt. Da kan det rett nok vera ei trøyst om det finst nokre nynorskvennlege museumsvaktarar. Men det beste hadde vore om museumsvaktarane vakta dette språket *før* det kom på museum, og at truverdige sosialistar sørgde for å halda det borte frå museuma lengst mogleg. Det ville vera ein innsats for folket, for den folkelege kulturen i Noreg, og for det kulturelle mangfaldet i verda.

NOTER

- 1) Ein av mange fordelar ved å få ny ektefelle er at ein òg får nye venner. På den måten kom Rune inn i mitt liv som «medgift» for 17 år sidan. Sidan da har vi hatt ein kontinuerleg dialog om målsaka. Denne artikkelen er det fyrste vellykka forsøket mitt på å fullføre eit resonnement om saka utan å bli avbroten.